



Er det meir allsong som skal til på TI-aren? (Foto: Ola Matti Mathisen)

Utan at dei driftige dugnadssdamene veit grunnen har det vore ein viss svikt i besøket ved tysdagskafeen TI-aren dei siste vekene.

I dag var det 26 vaksne og 6 born der, medan det tysdag for ei veke sidan var 31 vaksne og 7 born.

Tysdag for 2 veker sidan var dei oppe i 41 vaksne og 4 born.

Svikten kan neppe ha noko med menyen å gjera, for den er uendra, Og alt kostar framleis berre 10 kroner!
Tar det seg opp att neste tysdag?